

RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV MIDLAR FRÅ UNGDOMSRÅDET I ULSTEIN KOMMUNE

vedteke i UR-sak 01/0011

§1

Desse kan søkje om tilskot:

Det kan ytast tilskot til organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar som driv eller vil starte opp kulturverksemdu for ungdom i Ulstein. Med kulturverksemdu meiner ein verksemdu som har eit kulturelt/sosialt føremål i seg og som kjem ungdom i Ulstein til gode. Kulturverksemdu for ungdom, driven av ungdomen sjølve, vil verte prioritert.

§ 2

Fylgjande tilskotsordningar gjeld:

Oppstartningstilskot

Det kan søkjast om tilskot til oppstartning av verksemdu som fell inn under § 1. Verksemdu må ha eit kulturelt/sosialt føremål i seg, og kome ungdomen i Ulstein til gode. Slike tilskot vert gjeve som ein eingangsstønad.

Tilskot til einskilde arrangement og tiltak

Dette gjeld søknad om tilskot eller garanti til einskilde arrangement og tiltak, herunder kjøp av utstyr og inventar til møtestader for ungdom. Arrangementa/tiltaka må ha eit kulturelt/sosialt føremål i seg og kome ungdomen i Ulstein til gode, og ikkje vere basert på økonomisk vinning (t.d. basar, marknad, auksjon).

Tilskot til andre ungdomstiltak

Her kan det ytast tilskot til føremål som fell utanfor dei ordningane som er nemnde så langt, men som ein likvel, ut frå ei samla vurdering, finn det rett å støtte.

Søknadsfristar: heile året.

§ 3

1. Søknadsfristen for alle tilskotsordningane er heile året. Det skal søkjast på eige søknadsskjema.
2. Søknader som ikkje inneheld dei opplysningane ein ber om , og som er rimeleg å forlange, vert ikkje handsama.

§ 4

1. Ungdomsrådet kan krevje planar/rapport og budsjett/rekneskap i samband med løyingane. Dersom eit tilskot ikkje vert nytta etter føresetnadane, kan ein krevje at det vert betalt attende til Ulstein kommune.
2. Dersom ein bryt desse føresetnadane, kan vedkomande miste retten til stønad for kortare eller lengre tid.

§ 5

Endring av retningslinjene

1. Endring av retningslinjene må godkjennast av Ungdomsrådet.

2. Ungdomsrådet kan i særlege høve dispensere frå reglane.

Til

Ungdomsrådet i Ulstein
Oppvekst- og kulturkontoret
Pb. 143
6067 Ulsteinvik

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ UNGDOMSRÅDET I ULSTEIN



Namnet på laget (evnt. inst./pers.):

Adresse:

Tal på medlemmar og/eller aktive:

Opplysningar om laget:
.....
.....

Kva aldersgrupper femner laget om:

Kort om aktivitetar igjennom året:
.....
.....

Laget søker om (sett kryss):

- | | |
|---|----------------------|
| <input type="checkbox"/> TILSKOT TIL EINSKILDARRANGEMENT/TILTAK | søknadssum kr. _____ |
| <input type="checkbox"/> OPPSTARTINGSTILSKOT | søknadssum kr. _____ |
| <input type="checkbox"/> TILSKOT TIL ANDRE UNGDOMSTILTAK | søknadssum kr. _____ |

Tilskotet skal nyttast til (spesifiser):

.....
.....
.....
.....

Andre opplysningar:

.....
.....
.....
.....

Stad:

Dato:

.....
leiar

.....
kasserar

Tlf.
.....

Bankkontonr.